



**Dato:** 24.03.2021  
**Til:** INV Forvaltning og utgreiing  
**Frå:** Skyss

## Bruk av haldeplassane på Torget i Bergen

Dette notatet skildrar bruk av haldeplassane på Torget i Bergen no og behov framover. Nummer på busslinjer som er nemnde er nye linjenummer gjeldande frå mai 2021.

I mai 2021 blir det gjennomført ei større ruteendring i Bergen, som vedteke i Trafikkplan Bergen. Det skal også nyttast om lag 40 mill. kr av belønningsmidlar til styrking av kollektivtilbodet. Ved ruteendringa legg ein opp til nytt stoppmønster for busslinjene i Bergen sentrum. Dette skjer i samband med at Olav Kyrres gate skal gjenopne. Fleire busslinjer vil stoppe ved andre haldeplassar enn dei gjorde før som følgje av endra haldeplass-struktur og -kapasitet i Olav Kyrres gate, samt at det er oppretta permanente haldeplassar i Lars Hilles gate som skal avlaste Olav Kyrres gate. Ruteendringa inneber også at fleire av linjene får ny trasé igjennom sentrumskjernen. Som ein konsekvens av dette har ein utforma eit nytt felles stoppmønster for alle busslinjene, slik at det skal verte enklare å finne riktig haldeplass, samt å utnytte haldeplasskapasiteten best mogeleg.

I den samanheng er det gjort ei kartlegging av kapasiteten på alle haldeplassar i sentrumsområdet både med tanke på tal passasjerar som nyttar kvar haldeplass, og kor mange bussar som kan nytte kvar haldeplass samstundes. Målsettinga er både å gjere det enklare å finne riktig haldeplass, og å utnytte kapasiteten på kvar haldeplass betre. For å gjere det lettast mogleg å finne riktig haldeplass vil linjer som køyrer i same retning få felles haldeplass.

Kapasitetskartlegginga har vist at ein har fleire utfordringar på Torget. Dette er knytt til at det er svært ujamn belastning på haldeplassane og at det er nødvendig å få eit skilje mellom Skyss sine rutegåande busser og kommersielle tilbod.

Desse haldeplassane vert rekna som del av Torget haldeplassgruppe:

- Haldeplass Torget N, på Torgallmenningen ved Høyen, retning nord
- Haldeplass Torget O, på Torget like nord for Vågsallmenningen, retning nord
- Haldeplass Torget P, på Torget ved Smalgangen, retning nord



- Haldeplass Torget Q, på Bryggen ved Rundetårn, retning sør
- Haldeplass Torget R, på Torgallmenningen ved Harbitzhjørnet, retning sør

Dette betyr mellom anna at det ikkje lengre vil vere eit eige stopp ved Vågsallmenningen (retning nord), då bussar som stoppar her står i vegen for bussar som skal inn på haldeplass O, samt at det reduserer tilgjengeleg stopplengde på Torget O. Dette arealet vert i praksis eit «reserveareal» når det er høg aktivitet på haldeplass O.

Fram til no har haldeplass N og O vore mest nytta for busstrafikk i retning nord, og haldeplass Q har vore brukt som haldeplass for busstrafikk i retning sør. Haldeplass P har hatt avgrensa bruk etter at linjene til Nordhordland blei lagt om til Fløyfjellstunnelen. Haldeplass R har vore mest nytta av flybuss og andre kommersielle tilbod slik som Ulriksbussen.

Kapasitetskartlegginga har synt at haldeplass N nyttast av fleire busser enn det er plass til. Haldeplassen har ofte for mange bussar samstundes på haldeplassen, noko som gjer at bussane ofte står i vegen for kvarandre, eller ikkje kjem inn til kantsteinen. Dersom bussane ikkje kjem inn til kantsteinen, vert det vanskelegare å kome seg inn- og ut av bussen, det tar meir tid, og intensjonen bak universell utforming av bussar og haldeplassar vert broten. Bussar som står på «halv åtte» ut i vegbana vil blokkere for andre køyretøy, og kan utfordre trafikksikkerheita ved at det vert dårlegare siktilhøve for sjåførane; samt at passasjerar stundom må gå ut i vegbana. På Torget er det derfor naudsynt å fordele bussene betre mellom dei ulike stoppa i retning nord.

Tal bussar som nyttar haldeplassane ved Torget har vore redusert noko frå 2018 då fleire linjer blei lagt om via Fløyfjellstunnelen. Dette vart mellom anna gjort for å prioritere bybussane og deira framkomst på haldeplassane. Løysinga har generelt frigjort noko haldeplasskapasitet, og ein har fått noko mindre trengsel på haldeplassane. I samband med ruteendringane som gjeld frå mai 2021 har ein auka tilbodet og kapasiteten på nokre av bybusslinjene, slik at noko av den frigjorte kapasiteten igjen vert tatt i bruk. På linjene 3E, 16E og 39 vert det fleire avgangar, og på linje 3E og 4E vert det i større grad nytta leddbussar for å gje høgare kapasitet i rushperiodane. Samla sett er tal Skyss-turar som passerer Torget auka frå 2021, men framleis lågare enn det var i 2017.

I tillegg til Skyss sitt rutetilbod har det i åra før pandemien slo til vore ei sterk auke i den kommersielle delen av busstrafikken. Denne trafikken er mykje knytt til ein turistsesong som overlappar med Skyss sitt ordinære rutetilbod, og er slik sett dimensjonerande for haldeplasskapasiteten. Av kommersielle tilbod kan som døme nemnast flybuss, shuttlebussar, sightseeingbussar, IKEA-buss. Då desse bussane ofte står på haldeplassen mykje lengre enn Skyss sine rutebussar, skapar dei lett



forseinkingar. Til dømes brukar flybussen ein del ekstra tid for at passasjerane skal finne bagasjen sin, og sjåføren må ofte informere passasjerane om kor dei skal gå. Shuttlebussane har tidkrevande billettsal, samt guiding om bord medan bussen står på haldeplassen. Det er derfor ønskeleg at dei kommersielle busstilboda ikkje vert blanda med Skyss-bussane, og at dei kan nytte eigne stopp. Her bør også nemnast at Torget er eit sentralt punkt for kommersielle aktørar då det er nærleik til turistinformasjonen og fleire store turistattraksjonar.

### Ny løysing for nordgåande busslinjer frå 2021

- Linjer mot indre og øvre Sandviken nyttar stopp på Torgallmenningen ved Høyer. Dette stoppet vert då berre nytta av kort materiell (12-13 meter), og færre turar per time enn i dag. Linjene til Mulen og Formanns vei vil nytte dette stoppet. Desse linjene har totalt 11 turar per time frå 2021.
- Linjer mot ytre Sandviken og Åsane nyttar stopp på Torget like nord for Vågsallmenningen. Dette stoppet har mest kapasitet, og er godt eigna for leddbussar (18-19 meter). Aktiviteten ved dette stoppet vert auka. Linjene til Øyjorden, Lønborglien, Eidsvågneset, Tertnes, Støbotn og Flaktveit vil nytte dette stoppet. Disse linjene har totalt 43 turar per time frå 2021.
- Kommersielle busstilbod som i dag delvis nyttar alle stoppa i nordgåande retning vert samla på Torget ved Smalgangen (haldeplass P). Dette stoppet er prioritert for kommersielle, slik at ein kan separere Skyss sine og andre tilbod. Fordelinga er gjort med basis i fleire forhold, mellom anna då det her er minst kapasitet på fortauet. Skyss meiner dette er ein akseptabel prioritering då ein del av dei kommersielle tilboda berre har avstiging her, samt at dei berre nyttar stoppet i ein avgrensa del av året.

I sørgåande retning vert stoppa dei same som før Olav Kyrres gate vart stengt. Skyss sine linjer stoppar ved Rundetårn (haldeplass Q), medan kommersielle tilbod nyttar stoppet på Torgallmenningen ved Harbitzhjørnet (haldeplass R).

Løysinga i nordgåande retning inneber at ein aukar tal bussar på haldeplass O mykje. Dersom det vert kapasitetsproblem kan ei løysing vere å utvide haldeplassen lengre fram, slik at haldeplass P vert innkorta.

Tabellen under syner utviklinga i tal turar som passerer Torget innanfor ein time i ettermiddagsrusket. Dette er den perioden i løpet av døgnet med flest turar per time.

Ettermiddagrushtimen				
Bussar på Torget 2017, 2019, 2021				
Linje	Destinasjon	2017	2019	2021
3	Støbotn	6	6	6
4	Flaktveit	6	6	6
3E	Støbotn	3	3	6
4E	Flaktveit	3	3	3
5_19	Eidsvågneset	6	6	6



6_12	Lønborglien	6	6	6
10	Mulen	8	8	8
83/16E	Øyjorden	2	2	6
18	Formanns vei	3	3	3
30E	Tertnes	2	2	0
32	Skinstø	4	0	0
36	Klauvaneset	2	0	0
39	Åsane/Tertnes	2	0	4
91	Arna	2	2	0
210	Osterøy	2	0	0
320/300	Knarvik	4	0	0
340	Meland	2	0	0
<b>SUM</b>		<b>63</b>	<b>47</b>	<b>54</b>

### Andre omsyn

Framfor haldeplass P i nordgåande retning er det sett av plass til varelevering. I praksis skjer det noko varelevering over heile strekket på Torget, og dette påverker alle haldeplassane. I tillegg er det ein del drosjer som stopper på haldeplassane, og dessutan er det en del stopp for privatbilar som slepp av- og tar opp passasjerar. Denne aktiviteten er med på å redusere kapasiteten på haldeplassane på Torget. Dersom areal avsett til varelevering, eller haldeplass for kommersielle vert lagt ned eller innskrenka vil dette ytterlegare redusere den praktiske kapasiteten på haldeplassane. Dette vil gjelde haldeplass O spesielt, som frå mai 2021 vil få ein auka viktighet.

Eit anna moment som også verkar inn på haldeplasskapasiteten på Torget er at det i løpet av det siste året er innført elektriske sparkehjul i bygatene. På fortaua på Torget er det mykje køyring med elektriske sparkehjul, og desse gjev i praksis redusert haldeplasskapasitet.

Ut over dagens situasjon er det også diskusjonar og planar for utbygging av sykkelfelt og bybane. Idet ein eventuelt startar opp bygginga av bybanen vil det truleg vere trong for at alle ledige areal knytt til Torget vert nytta til bygge- eller trafikkformål.